

## Sjukestova (Bygd i 1918)



*Sjukestova nedanfor Hus 3.*

Konsesjonsvilkåra tilsa at Kraftselskapet måtte syte for sjukestove på staden. Næraste sjukestove var i Bergen og det tok eit døgn og komme dit med båt. Båten gjekk 2-3 gongar i veka.



I 1918 tok Spanske sjuka til og mange i Svelgen blei sjuke. Ein mangla folk til sjukepleie og fekk utlånt to nonner frå Bergen. Dei budde i hus 3 på Villabakken.

Distriktslegen budde i kommunesenteret Kalvåg, og hadde vakt i Svelgen ein gong i veka.(1918-1922)

Seinare i 1918 kom den første tilsette sjukesystra, Signe Eikeland.



Sjukestova blei også brukt til fødestove og jordmor Signe Sandvik blei tilsett i 1931.  
Ho dreiv også fødestove i heimen sin i Sandvika fram til ho blei pensjonist.

Etterkvart kunne dei fødande reise til Florø med båt for å føde. Fylkessjukehuset stod ferdig i 1933. Etter fyrste annleggsperioden overtok Svelgen sanitetsforening drifta av sjukestova.

Huset har vore nytta til lege- og tannlegekontor fram til 1971, og seinare var Ambulansetjenesta stasjonert her.

Ved sidan av Sjukestova stod «Frysebokshuset» på 1960-talet. Før folk hadde eigne frysarar, kunne dei leige ein liten boks for frysevarer. Folk blei kursa i korleis ein skulle pakke og oppbevare frysevarer på forsvarleg måte.




1.



2.

*1. 1. I dag er det Svelgen og Bremanger Røde kors som driv huset. Vi kjenner det som Rødekorshuset.*

*2. Røde kors-øving på trening i 1960. Roald Løfald, Hilmar Førde, Johannes Frøyen på båra Martin Nybø, Erna Valberg og Herborg Øvrebotten.*



- |                                     |                             |  |                                    |
|-------------------------------------|-----------------------------|--|------------------------------------|
| 1. Historia om Svelgen og Øyratunet | 8. Brakkehaugen             | 15. Hus 4 og 5                           | 22. Fylkeskaia                     |
| 2. Rise bruk 3                      | 9. Nye huset til Peder Rise | 16. Rustadtun                            | 23. Sjøkanten og Kjelkenesbutikken |
| 3. Svelgen skule                    | 10. Bakarhuset              | 17. Hus 8 og Driftstyrarbustaden         | 24. Sandegardane                   |
| 4. Risegardane                      | 11. Risebrua                | 18. Sande og Risesaga                    | 25. Skyssbåtane                    |
| 5. Bustadutvikling                  | 12. Sjukestova              | 19. Elkem Bremanger                      | 26. Realen                         |
| 6. Folkets hus                      | 13. Villabakken             | 20. Samfunnshuset og Gunnar Scheldrup    | 27. Kapellet                       |
| 7. Ungkarsmessa                     | 14. Bakketunet              | 21. Coopen, Børnefabrikken og knalltuten | 28. Avslutning                     |